

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Svar på høyring - forslag om endringar i opptaksforskrifta

Høgskolen viser til høyringsbrev datert 14. 8. 2017 med tillegg datert 2.10.2017.

§ 2-3 Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning

HSN støttar forslaget om å gi generell studiekompetanse (GSK) på grunnlag av fullført høgre utdanning, når en feil frå sakshandsamar var grunn til at ein søkjar ble gitt studieplass utan å ha GSK. Høgskolen støttar også forslaget om at engelsk- og norskkravet alltid må være dokumentert for søkjarar utanfor Norden.

§ 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

HSN støttar ikkje forslaget om at 2-årig fagskoleutdanning, etter lov 20. juni 2003, nr. 53, skal gi GSK.

Høgskolen meiner utdanninga frå 2-årig fagskole reflekterer eit for lite omfang målt i arbeidsmengde/timar, samanlikna med fellesfaget 393 timar norsk som krevst for å oppnå GSK. HSN meiner derfor at norskfaget frå fagskoleutdanninga ikkje kan vurderast som tilsvarande og likeverdig med fellesfaget norsk 393 timar.

Eit døme på lite omfang i norskfaget er å finne i studieplanen for fagskoleutdanning ved Fagskolen Tinius Olsen 2017/18, bygg - Pkt. 2.3.3. Tabell 2. Yrkesretta kommunikasjon har eit omfang på kun 8 fagskolepoeng (fp), i tillegg til at hovudprosjektet er satt opp med eit omfang tilsvarande 10 fp. + 2 fp kommunikasjon. Slik vi forstår oppstillinga utgjør yrkesretta kommunikasjon kun 240 timar (300 minus 60), og bør etter vår vurdering ikkje godkjennast som tilsvarande fellesfaget norsk 393 timar.

Dersom det likevel blir slik at dagens 2-årige fagskoleutdanning av 2003 skal gi GSK, ønsker vi i kommentarane til forskrifta en omtale av tidligere fagskoleutdanningar, - om dei skal/ ikkje skal gi GSK. Dette med spesiell tanke på informasjon til søkjarar og rådgivarar i skolen.

§ 3-6 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte kunstfag

HSN har ikkje noko mot endringsforslaget som gjeld HSN sitt Forfattarstudium, og bortfall av høgskolens navn. Vi ser at føreseigna etter endringa vil kunne gjelde også andre institusjonar med tilsvarande utdanning.

§ 4-5 Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske- og administrative fag

HSN støtter forslaget om at UiB, som en forsøksordning, skal krevje minimum karakter 4 i matematikk til bachelor i samfunnsfaglig økonomi og bachelor i politisk økonomi.

HSN ønsker primært å halde fast ved at GSK skal være hovudopptakskrav til høgre utdanning. Det vil bli utfordrande for søkjarane og andre å halde seg oppdaterte og gjere dei rette prioriteringane i vidaregåande skole dersom antall forsøksordningar stadig blir fleire. Det positive med forsøksordningane er at det kan gi ny og interessant kunnskap om til dømes høgre karakterar fører til at fleire fullfører utdanninga innan normert tid.

§4-8 Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

HSN støtter forslaget om at MF kan krevje minimum karakter 4 i engelsk til engelskspråklege studieprogram.

Vi meiner at skjerpa opptakskrav til engelskspråklige studieprogram gir søkjarane eit viktig signal om at gode språkkunnskapar er ei fagleg forutsetning for å kunne lykkast i studiet.

§ 5-1 Opptak på visse vilkår

HSN støtter forslaget om at opptak på visse vilkår krev at søkjaren oppfyller spesielle opptakskrav i form av karakterkrav på standpunkt karakter. For å dokumentere at vilkåret er oppfylt er det krav om at karakternivået også må bli oppnådd på utsatt eksamen.

§ 5-3 Opptak på visse vilkår for søkjarar frå land utenom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årsstudium i norsk (NY)

HSN støtter framlegg om å kunne gje tilbod om opptak til søkjarar til 1-årig norsk for utlendingar, med påfølgjande opptak til vidare studier på visse vilkår.

HSN (HIT) praktiserte opptak på visse vilkår/betinga opptak tom 2015. Høgskolens erfaring var at kun eit fåtal studenter benytta retten til den studieplassen de var lova på vilkår. HSN ønsker likevel å støtte framlegget av omsyn til å kunne gje søkjarane føreseilegheit og tryggleik i spørsmåla om opphald i landet og eigen plan for utdanning.

§ 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring og §7-6 Karakterpoeng for 23/5-søkjarar

HSN ønsker å behalde dagens ordning om at fag på høgaste nivå skal inngå i berekninga av karakterpoengsummeringa.

HSN er ikkje einig i framlegget om at fag frå alle åra i vidaregåande skole skal telle med i berekninga av karakterpoeng. Framlegget vil være til ugunst for søkjarar med bestått vitnemål frå Vgs3 studiespesialiserande, fordi dei ikkje får kompetansebevis for føregåande år (Vg1 og Vg2). Vi meiner derfor at berekningsgrunnlaget blir mest mogleg likt ved at høgaste nivå, - siste året i vidaregåande skole, framleis skal gjelde når karakterpoeng skal reknast ut.

§ 7-6 (3) Karakterpoeng for 23/5 søkjarar

HSN gir støtte til forslag om at spesielle fagkrav ikkje lenger skal føre til ein skjønnsmessig vurdering i fastsetting av søkjaren sine karakterpoeng. Berekning av karakterpoeng basert på GSK fagene blir ein god ordning.

§ 7-9 Tilleggs poeng for det underrepresenterte kjønn

HSN gir støtte til forslaget om positiv særbehandling av det kjønn som er for dårleg representert i utdanninga.

§ 7-10 Tilleggs poeng for alder

HSN gir ikkje støtte til forslaget om å endre føresegna om alderspoeng.

Føresegna om alderspoeng frå fylte 20 år er innarbeida over lang tid, er einhetleg å kommunisere og blir automatisk gitt søkjarane i opptakssystemet FS basert på søkjarens ID/fødselsår. Ein eventuell endring vil få noko å seie for eit fåtal elevar som avsluttar vidaregåande skole som 18 åringar utan at dei høyrer til førstegongsvitnemålsvota. Elevar i vidaregåande skole kan sjølv sørge for å oppfylle krava for å høyre til kvota for førstegongsvitnemål, og på den

måten ha det same grunnlaget for berekning av konkurransepoengsum som elevane i sin klasse som er fødd eit år tidlegare.

§ 7-11 Tilleggs poeng for høgre utdanning, eit år på folkehøgskole, siviltjeneste eller militær førstegongsteneste.
HSN støtter ikkje fremlegg om at fagskoleutdanning skal gi tilleggs poeng på same måte som studiepoeng gir tilleggs poeng for høgre utdanning.

Høgskolen meiner at 2-årig fagskoleutdanning ikkje skal utløyse tilleggs poeng for høgre utdanning samtidig som utdanninga, om endringsforslaga andre plasser i forskrifta blir vedtatt, også skal gi GSK og opptaksgrunnlag for høgre utdanning.

Høgskolen vil peike på at det i framlegget er nytta ordlyden «fagskole». Vi antar det er meint '2-årig fagskoleutdanning'.

Vennleg helsing

Petter Aasen

Rektor

[Click here to enter text.](#)

Gro Smedsrud

Seniorrådgiver

Seksjon for opptak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer.